



# DEN NORSKE KYRKJE

## Vang prestegjeld

---

Vang 20.09.2012

### **Høyringsuttale på endringar i gravferdsforskrifta** frå Kyrkjeleg fellestråd i Vang i Valdres.

Kyrkjeleg fellestråd i Vang i Valdres har i møte 12.september 2012 handsama denne saka, og har ikkje andre kommentarar enn til dei to spørsmåla det er bedt om tilbakemelding om.

Til spørsmålet i kapittel 3 om kyrkjeleg fellestråd bør få myndigheit til å fråvike kistekravet ved gravlegging når det er ønske om det, svarer rådet:

Alle som skal gravleggjast i Norge bør innrette seg etter norsk lov. Men dersom det likevel blir slik, er det greitt at fellestrådet gir den instansen som avgjer dette.

Til spørsmålet i kapittel 8 om ”virkedagar” svarer rådet:

Laurdag er ikkje vanleg arbeidsdag for dei aller fleste, og då bør ikkje laurdagen telje som virkedag i denne samanhengen heller. I Vang er det aldri gravferd på laurdagar lenger.

Med helsing  
Kyrkjeleg fellestråd i Vang i Valdres

v/Guro Hovda  
Kyrkjeverje